

# Retningslinjer og Tiltaksplan for UKL Alnes 2026–2030

---

## Retningslinjer

### Formål

- Sikre og utvikle landskapsverdiane, biologisk mangfald og kulturminne på Alnes.
- Ivaretaking av kulturhistoriske bygningar etter antikvariske prinsipp.
- Fremje aktivt landbruk og skjøtsel av naturbeitemark og kystlynghei.
- Styrke formidling og kunnskap om kulturlandskapet.

### Prinsipp for tilskot

- Tilskot skal dekke meirkostnader ved antikvarisk utføring, ikkje ordinært vedlikehald.
- Restaurering skal skje i tradisjonell byggestil og med antikvariske metodar.
- Tiltak skal vere i tråd med forvaltningsplan og langsiktig strategi for området.

### Prioritering

- Naust, løer og uthus knytt til fiskarbondemiljøet.
- Fellestiltak som gir brei nytte (tilstandsrapport, refotografering, skilting).
- Skjøtsel av naturbeitemark og kystlynghei.
- SEFRAK-registrerte bygningar og vedtaksfreda kulturminne.

Naustmiljøet på Alnes er eit prioritert kulturmiljø, og det skal utarbeidast heilskapleg tilstandsvurdering og tiltaksrapport for området.

Rapporten skal gi grunnlag for prioritering av tiltak og gjennomføring av restaurering etter antikvariske prinsipp. Tiltak i naustmiljøet vil bli prioriterte i tråd med tilrådd prioriteringsrekkefølge i rapporten.

Skjøtselsplanen og forvaltningsplanen for UKL Alnes peikar på mangel på beitedyr og attgroing som ei av dei største utfordringane i området. Aktiv beiting er ein føresetnad for å ta vare på naturbeitemark og kystlynghei, som er skjøtselsavhengige naturtypar. Auka beitetrykk blir vurdert som eit nødvendig tiltak for å oppretthalde dei biologiske verdiane, og tilskot til beiting vert derfor prioritert.

### Tilskotssatsar

- Tilstandsrapport: inntil 100 %.
- Bygningar utanfor gardstun: inntil 100 %.
- Restaurering av bygningar med privat nytte (på private tun): inntil 50%, og maks kr. 150.000 per bygg.
- Kulturminne med felles verdi: inntil 100 %.
- Gjerding og skjøtsel av areal: inntil 70 %.

## Tiltaksplan 2026–2030

Tiltaksplanen viser hovudprioriteringar for perioden, og vil kunne justerast årleg basert på behov, søknadar og tilgjengelege midlar.

År	Tiltak 1	Tiltak 2	Tiltak 3	Tiltak 4
2026	Tilstandsrapport og heilskapleg vurdering av naustmiljøet	Tilstandsrapport og vurdering bygningsmasse	Skjøtsel av kulturlandskap (beitetilskot)	Restaurering av bygningar, løer m.m. på private tun
2027	Oppdatering / vurdering av forvaltningsplan	Prioritering av tiltak basert på tilstandsrapport	Skjøtsel av kulturlandskap (beitetilskot)	Restaurering av bygningar
2028	Istandsetting av naust	Restaurering av bygningar	Skjøtsel av kulturlandskap (beitetilskot)	Formidlingstiltak
2029–2030	Oppfølging av tilstandsrapport og gjennomførte tiltak	Vedlikehald av kulturminner	Skjøtsel av kulturlandskap (beitetilskot)	

## Budsjett 2026:

Tilstandsrapportar – kr 150.000

Skjøtsel / beitetilskot – Inntil kr. 50.000

Felles samling UKL – kr. 10.000

Utmarkskart og teigblanding (prosjekt) – kr. 20.000

Skjøtsel av fellesareal (Alnes Vel) – kr. 30.000

Møtevirksomheit o.l. – kr. 3.000

Restaurering av bygningar (løer, stabbur o.l.) – kr. 150.000

Budsjettet er rettleiande og kan justerast ut frå søknader og prioriteringar.

## Søknadsfrist 2026:

Ordinær søknadsfrist er **1. juli**.

Søknader kan også sendast inn fortløpande fram til 1. november, og vil bli vurdert så langt det er tilgjengelege midlar.